



Referat frå evalueringsmøte etter hendingane 30. juli 2019

Til stades:	Jølster kommune, Førde kommune, Gloppen kommune, Sivilforsvaret, NVE, Statens vegvesen, Telenor, KDS, politiet, Alarmsentralen, Helse Førde, RVTS, Røde Kors og Fylkesmannen
Møteleiar:	Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand
Referentar:	Rådgjevar Stig Morten Tengesdal, Fylkesmannen Rådgjevar Sondre Bjelle, Fylkesmannen

Tidspunkt: 3. september 2019

Møtestad: Kommunehuset i Jølster

1. Velkommen og presentasjon

Ordførar Oddmund Klakegg ønskte velkommen til Jølster. Han innleia med å seie at hendingane har sett store fysiske og psykiske spor i bygda, og at det har vore mykje oppfølgingsarbeid i etterkant. Han sa at det er viktig å finne lærepunkt for å verte betre førebudd til neste gong.

Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand ønskte velkommen til evalueringsmøtet. Han sa at hovudføremålet er å identifisere lærepunkt knytt til samarbeid og samvirke på tvers av beredskapsaktørar. Det er mellom anna viktig for læring og utvikling i beredskapsarbeidet. Kraftige og stilleståande regnbøyer førte til svært mange skred, flaumar, store skadar på infrastruktur og evakueringar. Kommunane Jølster, Førde og Gloppen vart hardast råka.

2. Situasjonen før uvêret

Uvêrvarsel og gjennomførte sikringstiltak (NVE v/regionsjef Brigt Samdal)

Før hendingane vart det sendt ut varsel om jord- og flaumskredfare på gult nivå for Vestlandet, kraftige regnbøyer på gult nivå for Vestlandet sør for Stad, i tillegg til varsel om flaumfare på gult nivå for brefelt rundt Jostedalsbreen. Samdal sa at det er særleg krevjande å varsle slike hendingar om sommaren, fordi det ofte er stor uvisse knytt til værsystema. Det var mellom anna vanskeleg å seie kvar nedbøren ville treffe. I dette tilfellet vart nedbøren meir stillestående og kraftigare enn venta. Samdal sa at med den kunnskapen vi no har, burde det ha vorte sendt ut farevarsel på oransje nivå i forkant av hendingane.

NVE har gjennomført fleire mindre sikringstiltak i Jølster og vurderer fleire hastetiltak fortløpande. I år 2000 vart det gjort tiltak i øvre del av Årseteleva, og i 2017 vart det gjort tiltak i nedre del av elva. Det er grunn til å tru at desse tiltaka var avgjerande for at det ikkje vart fleire øydeleggingar på busetnaden langs vassdraget. Samdal sa at det er venta at

Referat frå evalueringsmøte etter hendingane 30. juli 2019

faresonekartlegginga av Slåtten i Jølster er klar i løpet av veke 36. Han opplyste også om at det i Førde kommune finst krisetiltak på fem ulike stader, mellom anna ved Holsen gravplass.

Lærepunkt

- Samdal sa at det burde ha vorte sendt ut varsel på oransje nivå i forkant av hendingane. Samstundes er det viktig å ta det gule farevarselet på alvor, fordi hendingar kan utvikle seg også på gult farenivå. Samdal meinte at det er ein tendens til at gult farevarsel ikkje vert teke på alvor og at mange ikkje handlar før det oransje farevarselet vert sendt ut
 - Brigt Samdal (NVE) sa at eit gult farevarsel bør utløyse ein diskusjon om korleis ein skal førebu seg i kommunen
 - Jan Kåre Fure (rådmann i Gloppen kommune) sa at dei truleg ikkje ville førebudd seg på ein annan måte viss det hadde kome eit oransje farevarsel før hendingane
 - Dag Fiske (politiet) sa at kvar enkelt aktør bør ha prosedyrar eller tiltakskort for kva ein skal gjere på dei ulike farenivåa
 - Terje Olav Øyen (Helse Førde) sa at det er viktig å gjere ressursdisponeringar ved mottak av farevarsel frå NVE/Fylkesmannen

3. Konsekvensar av uvêret for kritisk infrastruktur

Vegnettet (Statens vegvesen v/Lars Erik Karlsen)

Byggherrevakta og driftsentreprenøren fekk melding om hendinga via VTS cirka kl. 16.45. Krisestaben og linjeorganisasjonen vart kalla inn. Geolog vart tilkalla og driftsentreprenøren rykte ut med alt tilgjengeleg mannskap, i første omgang for å sikre og sperre. Det tok tid å få oversikt over skadeomfanget. Manglande mobildekning i Vassenden var også ei utfordring.

E39 mellom Skei og Førde vart stengd og mange trafikantar vart innesperra ved Vassenden. Trafikken vart omdirigert via fylkesveg 55 Høyanger og det vart satt inn nattferje på strekninga Vangsnes-Hella-Dragsvik. Mange fylkesvegar vart òg stengd som følgje av skred eller flaum. Det vart satt ut trafikkvakter på viktige knutepunkt, med god støtte frå Sivilforsvaret. Torsdag 1. august var det styrt trafikkavvikling på E39, og fredag 2. august vart det opna for fri ferdsel med nokre innsnevringar. Det vart store skadar på vegar, bruer, elveløp og sikring etter styrtregnet.

Ekom (Telenor v/Randi Ivarsøy)

Tysdag ettermiddag kom dei første varsla om utfall i telenettet. Mobilnettet vart råka i Jølster, Gloppen og Førde. Det var også lokale utfall i fastnettet. Cirka 500 kundar var utan breiband og telefoni. I tillegg til dei fysiske skadane etter skreda var også lynnedslag ei betydeleg utfordring.

Stig Morten Tengesdal (Fylkesmannen) opplyste om at Fylkesmannen har vore i dialog med Eninvest (internettleverandør) i ettertid. Det vart ikkje fysiske skadar på deira infrastruktur, men nokre av kundane mista likevel tilgang til internett som ein følgje av svikt i straumforsyninga.

Referat frå evalueringsmøte etter hendingane 30. juli 2019

Straumforsyning (Kraftforsyninga sin distriktsjef (KDS) v/divisjonssjef netteigar Atle Isaksen)

Dei første utfalla i straumnettet skuldast lynskadar. Etter kvart gjorde også flaum og skred store skadar på nettanlegg. På det meste var 1550 kundar utan straum, i hovudsak i Jølster og Førde. Det var tilstrekkelege ressursar til feilrettingsarbeid lokalt, men det var utfordrande å ta seg inn i skredområda og få oversikt over skadeomfanget. Torsdag 1. august vart beredskapen avvikla.

Lærepunkt

- Det var semje om at det er viktig å verte endå betre på å dele informasjon om utfall og problem på tvers av infrastruktureigarar under slike hendingar

4. Utrykkingsfasen

Første meldingar og etablering på staden (politiet v/lensmann Dag Fiske)

Krisehandteringa var svært krevjande på grunn av faktorar som stengde vegar, manglande telefondekning og vêrtilhøve som ikkje mogleggjorde frakt av ressursar med helikopter.

I Jølster vart fleire hundre personar evakuert etter at dei vart stengd inne mellom flaum og/eller skred langs E39 (nordsida av Jølstravatnet). Dei fleste vart evakuert med båt over vatnet, og Jølster kommune oppretta eit mottak ved Vassenden skule. Vegen på sørsida av Jølstravatnet var sperra og presset om å opne han var stort. Politiet avgjorde, i dialog med NVE og Statens vegvesen, at vegen på sørsida av Jølstravatnet kunne opnast opp, først og fremst for bønder som hadde konkrete arbeidsoppgåver langs vatnet. Seinare gjekk det eit skred over vegen. Skredet tok ein bil med sjåfør ut i vatnet og ein mann i 50-åra er framleis sakna.

Første meldingar og etablering på staden (Jølster brannvesen v/brannsjef Tor Arild Segtnan)

Ein del flaks, god organisering av brannvesenet lokalt, god samhandling mellom innsatsleiarar på skadestaden og hjelp frå frivillige personar var avgjerande faktorar for innsatsen. Nødnett fungerte godt, men brannsjefen hadde ikkje nok ressursar til å kunne lytte på SAR-talegruppa heile tida. Det var trøng for stor grad av improvisasjon i krisehandteringa, fordi beredskapsplanverket til brannvesenet ikkje omfattar så store og komplekse uønskte hendingar.

Lærepunkt

- Fleire aktørar trekte fram at Nødnett var eit svært viktig verktøy i krisehandteringa, men det var semje om at sambandsdisiplinen i SAR-talegruppa burde ha vore betre
- Einar Helge Hansen (Jølster Røde kors) sa at lokalt hjelpekorps ikkje vart utkalla og at det burde vore det. Politiet sa at dei ikkje hadde kjennskap til kvifor det vart slik
- Dag Hovland (Sogn og Fjordane Røde Kors) sa at dialogen mellom politiet og Røde Kors må verte betre. Det var semje om at Røde Kors og politiet følgjer dette opp
- Fleire aktørar trekte særleg fram uorganiserte frivillige som ein viktig ressurs, spesielt i dei områda der tilkomst for andre ressursar ikkje var mogleg som følgje av skred/flaum

5. Arbeidet på staden

Redningsinnsats (politiet v/lensmann Dag Fiske)

Fiske sa at krisestaben til kommunen var ein svært viktig ressurs for politiet, mellom anna på grunn av god lokalkunnskap, ressurstilgang, deira handtering av evakuerte og pårørande og telefonteneste. Kommunen avlasta nødetatane med mange viktige oppgåver. Det var òg ein stor fordel at Jølster kommune, Førde kommune og politiet var samlokalisert i Førde. Samarbeid på tvers av kommunegrensene er svært viktig ved denne typen uønskte hendingar.

Handtering av andre oppgåver enn redning (Jølster kommune v/rådmann Ellen Jensen)

Det var krevjande å få oversikt utan kommunikasjonsmogleigheter og helikopter. Kommunalt tilsette måtte gå frå dør til dør både for å hente inn eigne mannskapar og for å sjekke om innbyggjarane var i god behald. Det var også utfordrande å halde heimesidene oppdatert med informasjon, og presset frå media var stort. Det var ei forventning om at kommunen skulle svare på «alt». Kommunen har i ettertid hatt folkemøte, mellom anna om forsikrings- og erstatningsordningar.

Lærepunkt

- Informasjonsbehovet var stort og fleire aktørar sa at det hadde vore nyttig med ekstra nyhendesendingar på NRK Sogn og Fjordane for å nå ut med informasjon til befolkninga
- Dag Fiske (politiet) sa at det er viktig at alle aktørane formidlar det same bodskapet til media, og at alle må vere klar over kven som skal uttale seg om kva
- Det var eit veldig stort medietrykk under hendingane. Arne Johannesen (politiet) sa at ein må lage pressemeldingar og invitere til pressekonferansar ved faste tidspunkt for å redusere presset frå media. Brigt Samdal (NVE) sa at nokon alltid må vere tilgjengeleg for media, fordi media er ein viktig informasjonsspreiar og støtte i krisehandteringa
- Dag Fiske (politiet) og Ellen Jensen (rådmann i Jølster kommune) med fleire sa at det er viktig at kommunane samarbeider med kvarandre ved slike hendingar i staden for å tenkje så mykje på kommunegrensene. Det var semje om at samlokaliseringa i Førde var svært gunstig for krisehandteringa
- Fleire aktørar trekte fram at det er viktig at kommunane øver regelmessig saman med andre lokale beredskapsaktørar på denne typen uønskte hendingar, både for å halde ferdigheter ved like og for å verte betre førebudd til neste hending
- Jan Kåre Fure (rådmann i Gloppen kommune) sa at det er viktig at kommunane er gode til å dele erfaringar frå slike hendingar med kvarande, særleg ettersom det er relativt sjeldan at ein kommune og dei enkelte tilsette opplever slike hendingar

6. Etterarbeid og oppfølging

Tida etterpå (Jølster kommune v/rådmann Ellen Jensen)

Kommunen har hatt mykje oppfølgingsarbeid i etterkant. Det har vorte arrangert to folkemøte i samarbeid med politiet og NVE, eitt møte om psykososial oppfølging og eitt om naturskade og forsikringsordningar. Det har også gått med ein god del tid til å snakke med og besøke dei råka. Det har vore tidkrevjande med besøk frå ministarar, i tillegg til å handtere den store interessa frå media. No har kommunen starta ein prosess for å søke støtte gjennom skjønnsmidlar.

Kommunen har evaluert seg sjølv og har identifisert mange lærepunkt som må følgjast opp.

Oddmund Klakegg (ordførar i Jølster kommune) sa at hendinga pregar bygda i stor grad, og at det truleg er fleire innbyggjarar som ikkje føler seg trygge. May-Irene Wergeland (RVTS) tilrådde Jølster kommune å arrangere eit nytt folkemøte i bygda etter at det har gått ei tid.

7. Oppsummering

Haavard Stensvand oppsummerte hovudmoment og lærepunkt med media til stades i lokalet.

Stensvand sa at det er nyttig å møtast og utveksla erfaringar og lærepunkt på denne måten. I Vestland må vi bu oss på at klimaendringane vil føre til at slike hendingar vil oppstå oftare. I etterpåklokskapens lys burde det i dette tilfellet vorte varsle på oransje nivå. Det er likevel viktig at vi tek det gule farevarselet på alvor. Dei enkelte beredskapsaktørane må tenkje gjennom kva dei ulike varsla betyr for deira organisasjon, og dernest utarbeide prosedyrar eller tiltakskort.

Bortfall av infrastruktur gjorde krisehandteringa krevjande og det tok lang tid å få oversikt. Nødnett var eit viktig kommunikasjonsverktøy, men vi må verte betre på sambandsdisiplin. Vi kan òg verte betre på å dele informasjon om utfall og problem på tvers av infrastruktureigarar.

Den uorganiserte frivilligheita viste seg å vere svært viktig i desse hendingane. Den organiserte frivilligheita (Røde Kors hjelpekorps) burde vorte varsle betre, noko som tydeleggjer viktigheita av å snakke saman før krisa inntreff. Samlokaliseringa med Jølster kommune, Førde kommune og politiet var svært gunstig for handteringa. Hendingane viste at god lokalkunnskap er viktig. Difor må ein tenkje på korleis dette skal ivaretakast i nye Sunnfjord kommune. Det er òg viktig at vi held fram med å øve på slike hendingar for å vedlikehalde kompetanse og for å verte betre.

Arne Johannesen (politiet) la til at vi må verte betre til å bu oss på uønskte hendingar der kjende strukturar ikkje fungerer. Han sa at Fylkesmannen har ei viktig rolle for å skape medvit om dette.